

Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 19/4543-3

Luster kommune - høyring angående Skogadøla mikrokraftverk

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet er positiv til etablering av eit mikrokraftverk i Skogadøla som kan erstatte bruk av dieselaggregat som energikjelde for drift av turishytta.
2. Tiltaket ligg i Utladalen landskapsvernområde, og ein føreset at det vert lagt stor vekt på god tilpassing av anlegget til terreng og vegetasjon, og på avbøtande tiltak, inkludert minstevassføring og hekkekasse for fossefall.

Vedlegg:

Søknad om konsesjon

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Skogadalsbøen Mikrokraftverk er tenkt å dekkje straumbehovet til Skogadalsbøen turishytte i Utladalen landskapsvernområde. Turishytta vert i dag drifta med dieselgenerator. Skogadalsbøen Mikrokraftverk vil ikkje bli kopla til straumnett, all produksjon vert brukt til straumforsyning til turishytta. Søkjar er Den Norske turistforening Oslo og Omegn, og søknaden vil bli handsama av Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen.

Mikrokraftverket ønsker å nytte noko av fallet i Skogadøla til kraftproduksjon. Det er tenkt inntak på kote 850 moh og med kraftstasjon på kote 800. Utløpet frå kraftstasjonen ligg ovanfor det største fossefallet i Skogadøla. Fallhøgde vert 50 meter, og det skal leggest ei rørgate på om lag 300 meter. Mikrokraftverket er berekna å produsere 0,514 GWh i eit normalår, fordelt på 0,240 GWh vinterproduksjon og 0,274 GWh sommarproduksjon.

Skogadøla er del av Tyin kraftverk og er alt påverka av kraftutbygging. Inntaket til Tyin kraftverk ligg lengre oppe i elva, og vatnet som renn i elva som no er tenkt nytta til mikrokraftverk er vatn frå restnedbørsfeltet. Delar av det vatnet ønskjer ein no å nytte. Utbygginga er vurdert til middels/ lite negativ konsekvens for dei vurderte tema knytt til biologisk mangfald, samanlikna med dagens situasjon og planlagde endringar. Avbøtande tiltak vil bli gjort for å redusere negative konsekvensar av tiltaket. Det vil ikkje verte behov for massedeponi.

Det er planlagt slepp av minstevassføring heile året. Omsøkt minstevassføring er på 100 liter per sekund i sommarsesongen og 40 liter i vintersesongen. Berekna alminneleg lågvassføring for den berørte strekningen er 52 l/s.

3. Vurderingar og konsekvensar

Skogadalsbøen turisthytte er ei av dei tradisjonsrike turisthyttene til DNT og ligg i øvre del av Utladalen. Hytta er eit knutepunkt mellom aust og vest for vandringer i Jotunheimen. Sidan anleggsområde ligg i skogen og det er såpass frodig i Utladalen, vil anleggssår og tekniske anlegg relativt raskt kunne gro. Utladalen er prega av rennande vatn og fossar.

Eit vanleg elvekraftverk som skal selje krafta si på nettet, er ofte dimensjonert til å bruke 150 - 200% av middelvassføringa. Dette kraftverket er dimensjonert til å dekkje behovet til turisthytta, og det er tenkt nytta 20% av middelvassføringa. Dette er noko meir enn det som er opna for i vassdrag verna etter Samla Plan, men framleis godt under vanleg dimensjonering.

For dette prosjektet er det betre å bruke naturlege terrengavgrensingar og nytte litt meir vatn enn å bygge lenger og skape større terrenginngrep. Med omsøkt minstevassføring vil det renne ein god del vatn i elva dei få dagane det berre er minstevassføring i elva. Vatnet vil vere tilbake i elva før den går i fossar ned mot Utladalen.

Elvestrekninga som skal utnyttast er på om lag 300 m. På dette strekket går elva relativt raskt og over berg, og elva er fisketom. Som i alle elvar vil det vere vassinnsekt i elva, men det er ikkje kjent at det førekjem særskilt verdfulle artar. Det er ikkje kjent at det hekkar fossefall i Skogadøla. Sjansen for at det kan hekke fossefall er likevel til stades, og det bør vurderast å setje opp hekkekasse for fossefall. Dett kan gjerast under brua til stien eller i tilknytning til kraftstasjon / inntak.

Sjølv om dette vil vere eit nytt anlegg og nytt inngrep, vil det vere positivt å få avslutta bruken av diesel til produksjon av straum for turisthytta. Anlegget vil etter mi vurdering heller ikkje påverke bruken av området i særleg negativ grad.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner nytten av kraftverket vil verte større enn dei negative effektane. Skogadøla er alt påverka av inngrep, og det er ein relativt liten del av restvassføringa som er tenkt nytta. Den aktuelle strekninga vert kryssa av stien frå Vettismorki, men frå sjølve Skogadalsbøen er elva lite synleg.

Tiltaket ligg inne i Utladalen landskapsvernområde, og nær eit viktig knutepunkt for friluftsliv og turisme i området. Fylkesrådmannen vil understreke at ein føresetnad for å vere positiv til tiltaket er at det vert lagt stor vekt på god tilpassinga av anlegget til terreng og vegetasjon, og på avbøtande tiltak, inkludert minstevassføring og hekkekasse for fossefall.